

Teknisk utvikling på Jøsneset

1867 – **Rutebåtane** byrja å gå til Jøsneset - Knutsvik

1895 – **Skulehuset** blei bygd

1908 – det gjekk folk rundt og spurde om fri grunn for å lage **kjerreveg** på Jøsneset.

1916 – Start på **vegbygging** frå Jernlé ved Bedehuskrossen og fram til Skiftunkrossen. Fortsette så byggjinga ned mot kaia til der Jostein og Berit i dag bur.

1921 – **Steinkaia** i Skiftun blei ødelagt i uvær.

1922 - Bygde kaien opp att, og bygde så vegen opp mot skulen.

Så fortsette vegbygginga mot Austad. I tillegg blei det arbeidd med vegen frå Jernlé og opp til Kleivane. Fossbuen bygde så resten av vegen inn Fossdalen. Den blei ferdig i 1928.

1922 – Vegen ferdig opp til Kyrkjelé på Åsland.

1925 – Vegen ferdig fram til Skrivargardskrossen i Knutsvik.

Ca 1915 – Første **motorbåt kom i bruk**. Kanskje var det bestefaren til Tor Magne Skiftun som hadde den første. Han hadde ein han kalla FOSS. Torgils Knutsvik fekk seg og motorbåt på denne tida. Han starta brusfabrikk i Knutsvik i 1909, og bruka båten til å frakta brusen til Mælaen i Skiftun(butikken). Motoren heitte REKORD. Den hadde ikkje gassregulator, så motoren kunne kun gå for fullt. Torgils måtte difor løyse alle tau før han starta, og han måtte stoppa motoren før han kom til kai.

Lars Snig var den tredje som fekk seg motorbåt. Det var ein liten kutter med ein amerikansk motor som heitte PERFEKSJON. Den var dyr i bensinen. På ei reis frå Jørstadvågen til Fosså, hadde den brukt 20 liter. Lars budde i nauset sitt. Ein dag tok det fyr og brann ned. Bygdafolket syns så synd i han at dei bygde nytt hus til han.

1913 – **Jøsneset Bedehus** blei opna Blei gitt som gåve til bygda av brødrene Andreas, Knut og Ola K Fosså. Det er nå det eldste noverande bedehuset i bruk i kommunen.

1915 Jone Mæland får den første **sykkelen** i bygda

Ca 1930 – Jehans Åsland får seg **radio**. Mange kom for å høyre på dette merkelege instrumentet.

1904. – **Telefonen** kom til Jøsneset, og telefonsentralen blei bygd i Skiftun (der som Krambuå er i dag). Folk som trong å ringe, måtte til sentralen for å gjere det.

1923 **handelslaget** i Austad starta. Dei trong telefon. I 1923/24 blei det difor bygd ei linje opp til dei. Linja gjekk langs Skiftunbekken og var laga av vanleg hesjetråd.

1947 – Trygve Skiftun kjøper seg **lastebil**. Første oppdrag var å kjøre byggjemateriala til eit hus i Hagen (Peder og Klara Hagen). Trygve hadde endå ikkje fått seg sertifikatet, så ein som heitte Arne Larson var sjåfør. Trygve kjøpte seg **drosje** ca 1960.

1949 – Straumen frå **kraftverket** på Foss blei kopla til på konfirmasjonsdagen, som var om hausten.

1953 – Sverre Hjorteland fekk **påhengsmotor** av Paul Bog. Problemet var at den var laga for ferskvatn, og blei difor lite brukt. Ca 1960/61 kjøpte Arthur og Jone Bastlid seg påhengs. Knut «Vikjå» Helgeland og Ola Hagen fekk seg òg motorar på den tida.

1955 – Lars Nesvik var den første som fekk seg **traktor**.

1955/60 – Kjetil Hjorteland og Teodor Nesvik var dei første som skaffa seg **motorsager**. Kjetil si vog 12 kg. Den blei for tung, så etter ei stund kjøpte han seg ei lettare.

1956: Tordis og Kornelius Nesvik byggjer seg **vassklosett** til jul.

1957/58 – **Den nye butikken** blei bygd i Skiftun.

1963 – Olaf Foss får seg **fjernsyn**. Det gjorde og Petter Årthun, Jone Mæland og Hallvard Fosså rett etterpå. Dette var eit storhende. For ein del av ungane som ikkje hadde fjernsyn heime, var dette så spennande at de klatra opp i dei høge pæretrea ved huset til Mælaen. Derfrå greidde de å få sjå gjennom vindaugget noko av det som føregjekk i fjernsynet.

1963 – Olaf Foss får seg **fryseboks**. Mogleg den finst enda i museet til Inge Torkel Skiftun.

1968 – Nærare bestemt den 15. juni blei det ei kraftig endring på kjærleikslivet på Jøsneset, og det var ein mann som fekk det til 😊 Gunnar Kleppa frå Hjelmeland, utførte då den aller første **inseminasjonen** her. Den «uheldige» var ei ku med namnet GRANA, og det var Teodor Nesvik som åtte henne.

1978 – **Hjelmelandsfjord** slutta etter lang tids fart i fjordane.

1981 – Tidleg denne våren var **riksvegen** ut til Nesvik i ferdig kjørbar stand.

1990 – **Ferjedrifta Nesvik** – Hjelmeland starta opp 1. juni.

Laga av Kåre Nesvik og Rasin Tjeltveit i tilknytning til århundrefesten i år 2000
+ litt supplement i ettertid

